

Samferdselsdepartementet
postmottak@sd.dep.no

Vår ref:
2012/78-40

Sakshandsamar:
Signe Sollien Haugå
ssh@setesdal.no

Arkiv:

Dato:
06.05.2014

Høyringsuttale - Transnova sitt forslag til nasjonal strategi og finansieringsplan for infrastruktur for elbiler - Setesdal regionråd

Setesdal regionråd har med stor interesse følgd arbeidet med ei nasjonal satsing på infrastrukturbygging for el-bilar.

Regionrådet i Setesdal la fram eit heilskapleg korridorprosjekt for Rv 9 alt i 2013. Prosjektet er revidert i 2014 og tek utgangspunkt i moglegheitane vi ser i den nye nasjonale strategien.

Setesdal regionråd stør grepet med korridorsatsing. Ein ber samstundes utvalet ha særleg merksemd på tilknytingskorridorar i høve hovudkorridorane mellom landsdelane.

Riksveg 9 er stamveg og vil vere ein viktig korridor for el-bil-trafikk mellom kontinentet og Vestlandet (nord-sør aksa) og kopling mot aust-vest sambandet i Telemark..

I høve satsinga på nasjonale transportkorridorar, pkt 6.2, tabell 9 ser vi det som særst viktig at Rv 9 vert med som kopling med E 134 (Oslo-Bergen) og med E 18 (Oslo-Stavanger) – då den både vil ha stor nytte som tverrsamband mellom desse.

Rv 9 vil vidare utløyse høve til rundreiseturisme i Sør-Noreg og vere viktig for helgeutfart, ferie- og fritidstrafikk mellom hyttebyane i Setesdal og på Hovden - og kystbebruarane på Sørlandet.

Med helsing


Signe Sollien Haugå
dagleg leiar

